

RIKSANTIKVAREN  
Postboks 8196 DEP  
0034 OSLODato: 13.11.2017  
Vår ref.: 2016/9015-26  
Saksbehandlar: solrong  
Dykkar ref.:

## Statsbudsjettet 2017 Kap 1429 Post 70 - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) - Rapportering 2017 Hordaland fylkeskommune

Me viser til tilsegn om midlar gjennom tilskotsordningane Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) og Bevaringsprogram for bergkunst (BERG) 2017. Rapportering om BERG vert sendt separat. Viser elles til avtale om utsett frist på rapportering.

Riksantikvaren gav i 2017 tilsegn om midlar til tre prosjekt i Hordaland:

Sokkamyro – Formidling av steinalderbuplass	79.000,-
Forprosjekt Kvalvågen	200.000,-
Gildeskålbakken – skilting av mellomaldertuft	24.000,-
<b>Totalt</b>	<b>303.000,-</b>

I tillegg til midlar omsøkt gjennom Hordaland fylkeskommune tildelte Riksantikvaren midlar direkte til Fjell kommune til prosjektet Vindenes. Denne søknaden vart ikkje handsama gjennom Hordaland fylkeskommune. Fjell kommune ynskjer rapportera samla om prosjektet Vindenes, som òg tidlegare har fått tildelt midlar gjennom BARK. Rapport om midlar tildelt direkte til Fjell kommune frå Riksantikvaren vert difor òg inkludert i denne rapporteringa, og prosjektet vil frå vår side verte handsama som eitt samla prosjekt.

BARK-midlar tildelt Fjell kommune direkte frå Riksantikvaren

Fjell kommune – Skjøtsel Vindenes	110.000,-
-----------------------------------	-----------

## Oppsummering

BARK	Prosjekt	ID	Tilskot	Utbetalt 2017	Rest	Søknad om vidareføring av midlar til 2018	Merknad
2013	Kongshaugen	91779	25.000,-	0,-	25.000,-	JA	
2013	Kolltveit	127360 m.fl.	25.000,-	0,-	25.000,-	JA	Det er etablert dialog med Fjell kommune og Kolltveit skule. Prosjektet er venta ferdigstilt
2014	Ruskenes-hellaren	25782	25.000,-	0,-	25.000,-	JA	Prosjektet er igangsatt, og er venta ferdigstilt fyrste halvdel 2018
2015	Fosnstraumen	Fleire ID-nr	110.000,-	51.266,90,-	58.733,1,-	JA	Forskot
2015	Hæreidsmoen	110228	150.000,-	98.564,-	28.336,-	JA	Utførleg rapport ligg vedlagt.
2015	Hystadmarkjo	35508 m.fl	180.000,-	180.000,-	0,-	-	Sluttrapport ligg vedlagt
2016	Håkonshaugen	66400	350.000,- 15.000,- (avkorta pga endring i prosjektplan)	0,-	15.000,-	JA	Søknad om omdisp.2017 avvist. Avkorting i tilskot. Kr 15.000,- til formidling framleis gyldig som tilskot.
2016	Årbakka	35534	12.000,-	0,-	12.000,-	JA	
2016	Leirvik	108033 m.fl	36.000,-	0,-	36.000,-	JA	Prosjektet vert ferdigstilt innan utgongen av 2017.
2016	Vindenes II	64065 m.fl	20.000,-	0,-	20.000,-	JA	
2016	Børshovda	106039	18.500,-	0,-	18.500,-	JA	Prosjektet vert ferdigstilt innan utgongen av 2017. Rapport vert ettersendt.
2016	Istertveit	106073	19.000,-	0,-	19.000,-	JA	Prosjektet vert ferdigstilt innan utgongen av 2017. Rapport vert ettersendt.
2017	Sokkamyro	66745	79.000,-	50.000,-	29.000,-	-	
2017	Gildeskålbakken	60597	24.000,-	0,-	24.000,-	JA	
2017	Kvalvågen	97070 m.fl	200.000,-	0,-	200.000,-	JA	Prosjektet er venta ferdigstilt i løpet av januar/februar 2018
2017	Vindenes RA	64065	110.000,-	0,-	110.000,-	JA	
<b>SUM utbetalt 2017</b>				<b>408.830,9,-</b>	<b>(derav 9.750,- i forskot)</b>		

**Informasjon om timesats**

Tidlegare har Hordaland fylkeskommune operert med kr 200,- per time som rettleiande sum for dugnadsinnsats. Me ser at BARK-midlane ofte vert nytta i kombinasjon med midlar tildelt gjennom Turskiltprosjektet. Då timesatsen for dugnadsarbeid gjennom Turskiltprosjektet er satt til kr 300,- har Hordaland fylkeskommune avgjort å justera vår rettleiande dugnadssats til same sum, kr 300,- per time. Den einssilde kommune kan nytta eigne satsar for dugnadsinnsats dersom dette er vel etablert i den aktuelle kommunen, og BARK midla skal nyttast i kombinasjon med andre midlar som nyttar eigne satsar. Ved eigeninnsats frå Hordaland fylkeskommune vert timepris for feltarbeid nytta; kr 700,- per time.

Hordaland fylkeskommune ser at frekvensen større søknader har gått ned etterkvart som kommunane no i stor grad anten har gjennomført eller starta opp arbeidet med prosjekta høgast på prioriteringslista. Hordaland fylkeskommune vil difor nytta 2018 til å fokusera på eldre midlar som tidlegare er tildelt. Ved eit fokus på oppgradering av eldre prosjekt og søknader om omdisponering der dette er naudsynt ynskjer me å kvittera ut overskytande midlar frå tidlegare tildelingar.

**Konklusjon**

Me ber om å få utbetalt BARK tilskot jamfør tabell og vedlagt rapport for 2017, og om at ikkje nytta tilskot vert overført til 2018. Me ber om at tidlegare tildelte midlar vert ståande hjå oss. Me er kjende med at fleire av prosjekta har overskride grensa på to år. Me ser likevel stor aktivitet i desse prosjekta i 2017, og har tillit til at dei vert ferdigstilt i 2018. Me ber difor om at tilskotet likevel vert overført til 2018. Me ventar få innkomne søknader for 2018, og vil nytta kapasiteten som då vert frigjort til å ferdigstill eldre prosjekt, samt å sjå på tidlegare tilretteleggingar med trong til oppgradering. I 2017 vart den tilgjengelege ekstra kapasitet i stor grad nytta til revidering av skiltmal og oppfølging av andre prosjekt.

Hordaland fylkeskommune vil òg peika på endringar i budsjettet for prosjektet «Sokkamyro, Bømlo». Kostnadene som låg til grunn for søknaden var inkludert mva. Dette er no retta, noko som fører til overskytande midlar i høve til kostnadsoverslaget i søknaden. Det meste av tilskotet er nytta til kjøp av konsulenttenester, pil og boge og «steinalderkasse» med replika. Bømlo kommune har bedt om å få utbetalt den fulle tilskotssummen. Dette er nærare skildra i vedlagt rapport frå kommunen. Bømlo kommune er ikkje ferdig med sitt bidrag til prosjektet knytt til eigenandel, og del av summen er difor bedt utbetalt som forskot. Hordaland fylkeskommune er positiv til dette ettersom det er snakk om ein mindre sum og eigeninnsatsen vil vere ferdig utført innan utgongen av 2017.

Rapport om framdrift og bruk av midlar, elektroniske skjema for BARK og BERG, samt sluttrapportar for ferdigstilte prosjekt innan BARK er vedlagt. Delrapportar er lagt ved i dei tilfelle dei inneheld relevant rekneskapsinformasjon, til dømes timelister eller informasjon om forskot.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Vedlegg

- 1 EXCEL- Hordaland\_  
BARK\_SkjøtselTilretteleggingRuskeneshellaren\_Rapport\_2017
- 2 EXCEL - Hordaland\_ BARK\_TilretteleggingKolltveit\_Rapport\_2017
- 3 EXCEL - Hordaland\_Børshovda\_Sveio\_BARK\_2017
- 4 EXCEL - Hordaland\_Istertveit\_Sveio\_Søknad\_BARK\_2017
- 5 EXCEL - Hordaland\_rapport\_BARK\_2017-Forprosjekt Kvalvågen
- 6 EXCEL - Hordaland\_Rapport\_BARK\_2017-Skilting av mellomaldertuft
- 7 EXCEL - Hordaland\_Årbakka\_Tysnes\_BARK\_2017
- 8 EXCEL - Hordaland\_ BARK\_TilretteleggingKongshaugenPåHop\_Rapport\_2017
- 9 EXCEL - Hordaland - BARK\_Leirvik\_Meland\_2017
- 10 EXCEL - Hordaland\_Bark\_Hæreidsmoen\_Eidfjord\_2017
- 11 EXCEL - Hordaland\_Bark\_Hystadmarkjo\_Stord\_2017
- 12 EXCEL - Hordaland\_Bark\_Håkonshaugen\_Lindås\_2017
- 13 EXCEL - Hordaland\_Bark\_Fosnstraumen\_Austrheim\_Radøy\_2017
- 14 Bark\_Hordaland\_2017\_Sluttrapport\_Hystadmarkjo\_Stord
- 15 Bark\_Hordaland\_2017\_Delrapport\_Hæreidsmoen\_Eidfjord
- 16 EXCEL - Hordaland\_BARK\_Sokkamyro\_Bømlo\_2017
- 17 EXCEL - Hordaland\_BARK\_Vindenes\_Fjell\_2017
- 18 BARK\_Hordaland\_2017\_Sluttrapport\_Sokkamyro\_Bømlo
- 19 BARK\_2017\_Rapport\_Hordaland fylkeskommune